

Det kongelige kunnskapsdepartement  
Postboks 8119  
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
15/00451-2

Dato  
19.02.2015

## Høringsuttale - forslag til endring i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar

Viser til høringsbrev frå Kunnskapsdepartementet, datert 01.12.14, med forslag om endringar i Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Målet med endringa er å gjere barnehagen billigare for familiar med låg inntekt.

Høyringa er handsama i regionalt møte for barnehagefagleg ansvarlege i Hallingdal den 16.01.15. Barnehageansvarlege i kommunane Hol, Gol, Hemsedal, Nes, Flå og Ål ynskjer å gje felles høringsuttale.

Barnehagefagleg ansvarlege i Hallingdal er i utgangspunktet positiv til at det blir innført ei nasjonal ordning for familiar med låg betalingsevne. Dette er viktig for å sikre at alle barn får lik moglegheit til å nytte barnehage tilbudet.


Me stiller imidlertid spørsmål til om det er nødvendig å bygge opp eit nytt administrativt system i kommunane for å sikre familiar med låg inntekt ein rimelegare barnehageplass. Det er i dag godt etablerte ordningar via NAV som også kan inkludere vurdering av støtte til barnehageplass. NAV har kompetanse og erfaring på å vurdere betalingsevne og kan difor inkludere denne vurderinga i sine oppgåver. På denne måten kan ein familie som har behov for økonomisk hjelp, få samla dette ved ein instans. Midlane som er tenkt overført til kommunane kan gå til NAV som dermed får kompensert auka ytingar. På denne måten vil barnehagane oppretthalde inntektsnivået og samtidig unngå auka utgifter til administrasjon av ei ny og krevande ordning.

Dersom ordninga ikkje vert lagt til NAV og forslaget om at barnehagane/kommuneadministrasjonane må administrere dette vert oppretthalde, meiner dei barnehageansvarlege i Hallingdal at det må leggjast til rette for ei ordning som ikkje tek utgangspunkt i inntektsgraderte satsar. Av erfaring er inntektstgraderte satsar arbeidskrevande og barnehagane har ikkje ressursar til å ivarta ei slik ordning. Me meiner ein fast sats etter oppgjevne kriterium er ei betre ordning. Kriterium for å få innvilga ein lågare sats kan vere ein viss inntekt etter siste likning. Dette vil sikre ein objektiv




handsaming av ein søknad. Det må vere familien sitt ansvar å søkje om redusert sats og det bør vere den totale husstanden sin samla nettoinntekt som vert lagt til grunn, uavhengig familieforhold.


Med helsing


  
Grete Svarteberg Lundekvam  
Ål kommune

  
Else Skogen Tandberg  
Nes kommune

  
Aina Plassen  
Flå kommune

  
Helene Hjørnevik Slåtto  
Hol kommune

  
Wenche Olsen  
Gol kommune

  
Marit Fauske Bjerkan  
Hemsedal kommune